



Ph.d. i helse- og sosialfag:
Profesjonsutøving – vilkår og utvikling

Prøveforelesing og forsvar av doktorgradsavhandling

Doktorand: Erlend Walseth

Fredag 28. februar 10.15–15.00.
Høgskulen i Volda

[Lenkje til strøyming](#)



HØGSKULEN I VOLDA



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Erlend Walseth held prøveforelesing og forsvarer avhandlinga si for doktorgraden i helse- og sosialfag: Profesjonsutøving – vilkår og utvikling. Ph.d.-studiet blir gitt av Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde i fellesskap. Disputasen er avsluttande del av doktorgradsstudiet.

Tittel

«Rett person til rett tid? Ein studie av spenningar og dilemma i aktiverande samtalar i NAV»

Oppsummering

Avhandlinga undersøker spenningar og dilemma-situasjonar som oppstår i møte mellom rettleiarar og brukarar i aktiverande samtalar i NAV.

NAV-reforma (2006–2011) skulle revitalisere norsk arbeids- og sosialpolitikk, og slo saman tre tidlegare etatar og tenesteytarar. Reforma skulle bidra til fleire folk i arbeid og at færre stod lenge på passive stønader. Reforma kom på den eine sida med moralske løfte om meir skreddarsydde tenester og eit større moglegheitsfokus i tenesteutforminga. På den andre sida kom reforma med fleire krav til brukarane, blant anna om at dei no skulle vere aktive i si eiga sak.

Denne avhandlinga undersøker korleis spenningar mellom velferdslogikkar frå dei tre tidlegare etatane, og spenningar mellom ulike reformmål, blir gjorde levande i andlet-til-andlet-relasjonar i ei ny norsk fyrstelinje.

Bakgrunn

Bakgrunnen for fokuset i avhandlinga då prosjektet byrja, var todelt. På den eine sida vart både reforma og reformmåla gjorde levande att av NAV i denne perioden: NAV skulle no setje fokus på sjølve målsetjingane med reforma, etter nokre turbulente år med organisasjonsreform. No hadde «støvet lagt seg», og ein kunne rette merksemda mot innhaldet i nye NAV. I tillegg retta NAV sjølv søkjelyset på samtalanane. I rapporten *Et NAV med muligheter* (2015) vart sjølve samtalanane omtala som avgjerande for å nå måla med reforma – og NAV sitt eige FoU-arbeid etterlyste blant anna i 2016 meir forskning på desse samtalanane, som ein eigentleg visste veldig lite om. Eg ønskte derfor å bidra med meir forskning på denne tematikken.

Kva betydning kan forskinga få?

Forskinga mi gir eit innblikk i spenningar som eg hevdar definerer og karakteriserer NAV, og som blir gjorde levande i konkrete relasjonar. Desse spenningane er mellom ulike velferdslogikkar som ein gong hadde eit privilegert rom i kvar sin etat. Med andre ord kunne brukarane i det gamle

velferdssystemet gå inn tre ulike dører og bli møtte av profesjonelle som såg og vurderte saka deira på litt ulike måtar. Dette kom av at dei tre etatane hadde ulike føremål, men også ulike roller og arbeidsoppgåver for dei profesjonelle. Dette medførte ulike systematiske handlingsorienteringar som vart gjorde levande i konkrete møte med det som då var stønadmottakarar (Trygdeetaten), klientar (Sosialkontoret) og brukarar (Aetat).

Eg finn at den nye aktiveringslogikken dominerer, men at denne sameksisterer i eit vanskeleg samspel med andre velferdslogikkar. Reforma har med andre ord auka kompleksiteten i det aller siste leddet for iverksetjinga av norsk arbeids- og sosialpolitikk: dei konkrete, fysiske møta andlet til andlet i ei ny norsk fyrstelinje. Eg hevdar at denne vektlegginga av spenningar er viktig. Vanskelege dilemmasituasjonar set rettleiarane på prøve, og eg hevdar at NAV bør rette merksemda mot desse spenningane – for å betre sjølv brukarsamtalane i fyrstelinja, for å gi rettleiarane vurderingsstøtte og hjelp til å handtere ei krevjande rolle, og potensielt også for å redusere sjukefråvær og gjennomtrekk.

Medlemmar av bedømningskommisjonen

Dorte Caswell

Professor, Aalborg universitet

Håvard Aaslund

Professor, OsloMet

Erlend Vik

Førsteamanuensis, Høgskolen i Molde

Hovudrettleiar

Kåre Heggen

Professor emeritus, Høgskulen i Volda

Medrettleiarar

Liv Johanne Syltevik

Professor, Universitetet i Bergen

Tor-Johan Ekeland

Professor emeritus, Høgskulen i Volda



Erlend Walseth (44) frå Sæbø har ein mastergrad i sosiologi frå Universitetet i Bergen (UiB) og har tidlegare arbeid blant anna som barnehageassistent, som lærar og som undervisningsassistent ved UiB. Walseth har i tillegg også jobba i ulike roller i det sosialfaglege praksisfeltet, som til dømes i det kommunale introduksjonsprogrammet for flyktningar. Sidan 2015 har han arbeid ved Høgskulen i Volda, der han blant anna underviser i etikk.

Program

10.15: Prøveforelesing

Tema: Sosialt arbeid på arbeidsinkluderingsfeltet – dilemma og moglegheiter.

11.00: Pause

12.15: Disputas

Tittelen på avhandlinga er «Rett person til rett tid? Ein studie av spenningar og dilemma i aktiverande samtalar i NAV».

- Prosesjon innmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet
- Dekan introduserer doktorand og avhandlinga
- Doktoranden gjer greie for avhandlinga
- Førsteopponent eksaminerer doktoranden
- Kort pause – ca. 10 minutt
- Andreopponent eksaminerer doktoranden
- Opponentar ex auditorio
- Prosesjon utmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet

Avhandlinga er tilgjengeleg for offentlig gjennomsyn frå og med 14. februar på Studentsørvis og i biblioteket.

